



Lindås kommune
v/ rådmann

Knarvik, 14. oktober 2015

Søknad i samband med ferdigstilling av underetasjen i Knarvik kyrkje

Innleiing

Store var forventningane til Knarvik kyrkje før ho var reist. Det er godt å kunne melda at mange draumar og ønskje har vorte oppfylte.

Førte halvåret har det vore ein auke på 75% i gudstenesteframmøte. 4 kor og for barn og vaksne har alt tatt kyrkja i bruk på vekedagane. Det er stor pågang for å bruke kyrkja til konsertar. Til dømes er det i november og desember bestilt til 12 - 13 konsertar i kyrkja!

Alversund sokneråd ønskjer å gjere heile kyrkja ferdig. Det er stort behov for positive tilbod til barn og unge i Knarvik-området. Vi har lokala i underetasjen. No må dei bli ferdigstilte.

Denne søknaden er handsama i Alversund sokneråd og Lindås kyrkjelege fellestråd (Lkf), jfr. vedlegg 1 og 2.

Ein vender seg no til Lindås kommune for å søkje om løyving og/ eller garanti for låneopptak for inntil kroner 8 millionar.

Bakgrunn og behov

Det har heile tida vore ein føresetnad at hovuddelen av underetasjen i kyrkja skal brukast til barne- og ungdomsaktivitetar. I tillegg skal den innehalda kontor for kyrkjelege tilsette som i dag m.a. leiger kontorplass i Alversund kyrkjelydshus.

Knarvik manglar ein arena for barne- og ungdomsaktivitetar. Vi har ein flott idrettsarena, her er korps og kor der mange unge er med. Det er likevel mange unge som ikkje tar del i desse tilboda – og mange som ønskjer andre tilbod i tillegg til det dei alt er engasjerte i.

Underetasjen i Knarvik kyrkje er nettopp tenkt til dette. Her skal born og unge kunna utfalda seg og samlast i trygge omgjevnader. Dei må sjølv koma med ønskje om aktivitetar, men her

kan dei etablera musikkverkstad, teatergrupper, dans, song o.s.v.- og utvikla seg på mange områder. Det vil også kunna vera ein trygg stad å vera for dei som ikkje er så engasjerte i etablerte aktivitetar.

Mange ungdomar har i dag tilhald i Knarvik senter på ettermiddag og kveldstid – og for mange er dette einaste arenaen i nærområdet. Eit utvida tilbod er eit reint førebyggjande tiltak – noko det syner seg å vera eit stort behov for i denne delen av kommunen.

Handsaming i kyrkjelege råd og utval

Alversund sokneråd tok i april 2015 initiativ til ferdiggjering av Knarvik kyrkje. Ei arbeidsgruppe blei etablert, og denne gruppa har utreidd ulike sider ved saka.

1. Alversund sokneråd gjorde den 5. oktober 2015 vedtak om omfang av byggjetrinn 2, jfr vedlegg 1.
2. Lkf gjorde vedtak om finansieringsplan for prosjektet i møte 13. oktober 2015, jfr. vedlegg 2.

Finansiering

Lkf som byggherre har kostnadsrekna ferdiggjering av underetasjen samt uteområda til NOK 9 mill eks mva. Byggherre vil bidra med minimum NOK 1 mill i eigeninnsats.

Konkret vil ein bidra med:

- * Byggeleing
- * Utvendige gartnar – og anleggsarbeid
- * Overflatehandsaming innandørs
- * Ev. anna førefallande arbeid

Totalt finansieringsbehov er NOK 8 mill. Dette kan vere banklån med kommunal lånegaranti eller løyving.

Ein legg etablerte og godkjente planløysingar til grunn. Kontorlokala i Alversund kyrkjelydshus vil bli sagt opp, og dei tilsette flytta over til nye kontor i Knarvik kyrkje.

Dersom Lkf må ta opp lån på heile kostnaden har ein teke høgde for finansiering av dette ved årlege inntekter på NOK 400.000.

Dette er gjort gjennom følgjande avtalar, jfr. vedlagte vedtak:

1. Gjennom leige av kontor til tilsette bidrar Lkf med NOK 150.000 pr år.
2. Utleige av lokale til konsertar og konferansar, samt utleige til møte og familieretta arrangement som runde dagar, dåp/konfirmasjon og minnesamvær m.v. er rekna til minimum NOK 150.000 pr år.

3. Alversund sokneråd vil ved andre inntektsgjevande tiltak bidra med NOK 100.000 pr år.
4. Dersom forpliktinga i pkt 2 og 3 ovanfor ikkje vert oppfylt, er ekstra sikring av likviditeten omtalt i pkt 4 i fellesrådet sitt vedtak.

Kyrkjevevja har vore i kontakt med Kommunalbanken. Det syner seg at rentedifferansen på lån til næringslivet/ offentleg sektor i bankane våre er vesentleg, men felles for dei er uansett krav om tryggleik ved låneopptak. Ifølge kyrkjelova §18 kan kyrkjer ikkje pantsetjast, og dette ligg bak søknaden til kommunen. I tillegg ligg det faktum har Kommunalbanken dei klårt beste vilkåra.

Pr i dag har Lkf lån i Kommunalbanken i samband med sjølve hovuddelen av Knarvik kyrkje. Dette lånet har p.t. ei rente på 1,75%. Eit nytt lån med tilsvarande vilkår vil ha denne same renta.

Kommentar til søknad om løyving

Lkf søker om løyving og eller/ garanti for låneopptak. Bak søknaden om løyving ligg fleire tilhøve. Her er det naturleg å nemne to:

- 1) Ferdiggjering av underetasjen og eit tilbod til barn/unge står som vår øvste prioritet. Dette ser vi på som eit godt **førebyggjande tiltak** retta mot barn/unge, og ei løyving til dette skulle vera i tråd med kommunen sine planar og behov.
- 2) Kyrkja blir alt nytta av mange lokale aktørar til kulturføremål. Ei løyving frå kommunen vil kunne bidra til ein god økonomi for fondet og rimelege vilkår for leigetakarane.

Vi vonar på ei positiv handsaming av søknaden.

Med venleg helsing
for Lindås kyrkjelege fellesråd

Torgeir Paulsen
kyrkjevevje

Vedlegg: Vedtak av 5. oktober 2015 frå Alversund sokneråd (vedlegg 1)
Vedtak av 13. oktober 2015 frå Lindås kyrkjelege fellesråd (vedlegg 2)